



Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet. Vi held til midt i hjartet av Bergen og har røter tilbake til grunnleggjinga av Bergens Museum i 1825. Det viktigaste bidraget vårt til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

## Overingeniør

Ved Institutt for informatikk (<http://www.uib.no/ii>) er det ledig ei 1-årig stilling som overingeniør innan vitenskapleg illustrering og 3D animasjon.

Stillinga er ein del av prosjektet Physioillustration, som er finansiert av NFR. Dette er eit interdisiplinært prosjekt, med hovudmål å betre visualiseringsteknologi innan komplekse biologiske prosessar. Vi viser til utlysingsteksten på engelsk for meir informasjon om prosjektet.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til [Ivan.Viola@ii.uib.no](mailto:Ivan.Viola@ii.uib.no) eller [Helwig.Hauser@ii.uib.no](mailto:Helwig.Hauser@ii.uib.no)

Søkjarar må kunne dokumentere kompetanse i vitenskapleg illustrering på masternivå, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er eit krav at søkjarane har ein sterk kompetanse både i tradisjonell illustrasjon og computerassistert illustrering, 3D animasjon og modelleringskunnskap. I tillegg bør kandidatane ha god kunnskap innan biologi, enten via utdanning eller på annan måte. Vidare er det et krav om gode engelskkunnskapar.

Hovudoppgåvene til illustratøren på Physioillustration -prosjektet vil verte:

- 1) å formidle dei beste metodikkane for illustrasjonar og modellering, som skal brukast som basis for den algoritmisk formalisme som skal utvikles.
- 2) å bidra med utviklinga av 3D modellar, animasjonar og illustrasjonar innanfor utvalde biologiske scenarier.
- 3) å bidra med forslag til korleis ein best kan lage 3D visualisering av biologiske fenomen, av multiple størrelser både i romlig- og tidsdimensjon.

Løn etter lønnssteg 55 (kode 1087) ved tilsetjing.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoltering i personalreglementet for teknisk/administrative stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga .

Send søknad, CV, attestar, karakterutskrifter og vitnemål for bachelor og master, i tillegg til eksemplar på medisinske illustrasjonar og intimasjonar, og ei liste over publikasjonar elektronisk ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGEN" på denne sida.

Søknaden skal innehalde ei kort utgreiing om søkjaren sine forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga og dessutan namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar.

Søknader som blir sendt på e-post og søknader som ikkje inneheld alle dokument, vil ikkje verte vurderte.

**Søknadsfrist: 10. januar 2013**

**Søknaden skal merkast: 2012/12526**

Jobbnorge-ID: 89169, Søknadsfrist: Avsluttet